

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Rogaland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Skudeneshavn
 Emne: Julenissen Bygdelag: Falnes sokn.
 Oppskr. av: Lars Gjøsheim Gard:
 (adresse): Skudeneshavn G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Julenissen som deler ut julegaver er ein heller ny skikk her, og mange gamle var galne på denne skikken, og rekna det for ein uskikk eller overtri. Han blei nok helst kjend gjennom julefeste og fortellingar o. l. Her omkring er det elles ennå ikkje vanleg at nissen kjem med korkje gaver eller gøtter. Det er helst berre hos ein og annan at det blir brukt. Dei fleste sykkjer at det er noko jøl og tøys som bryt den stille og heilage stemning som høyrer til på ein julaften. Dei fleste legg julegavene under julebrett og les dei opp.

Det er helst halvskarne gubbar som klar seg ut som julenissar, og dei prøver å herma eller kleddrakt som dei ser i bøker og blad. Det hender at dei kjøper seg julenissemaske, men sidast rampar dei på seg litt av kvart som dei kan finne henne, og som kan gjera dei ikkje meleg på same tid som dei skal dikna på ein julenisse.

Julebukkar er her heller ikkje bruga.

Eg har berre høyrde gamle folk har fortalt at i deira barndom var det ein eller annan gongen som gjekk julebukke. Eg har tenkt meg at litt av den smotviljen som folk har hatt mot julenissen, skriv seg frå at dei sit han i samband med den gamle fjøsnessen. For sjølv om dei fleste gamle som fortalde sin fjøsnessen, gjorde det med ein smil, og hadde nok lite eller ikkje tru på at han hjelpte til i fjøset, så trur eg nok at der var gamle i min barndom som trudde litt på han. Når så denne nye skikken med nisse, kom inn, så rekna dei at der fylgde litt overtru med.

At nissen kom med noko serleg til dei som hadde vore snille, kjenner eg ikkje noko til.

Gjellheim, 22-1-1951.
Lars Fjøsheim.

5440

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING